

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 03.05.2021

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

A PROTOKOLL TIL MØTE NR. 15 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)

Tidspunkt: Måndag 3. mai 2021, kl. 19.00-22.10

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 148 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 149 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 14 19-21 frå Skikrinsstyret
SAK 150 19-21 SFSK AK protokoll nr. 06 19-21
SAK 151 19-21 SFSK AK protokoll nr. 07 19-21
SAK 152 19-21 SFSK LK protokoll nr. 08 19-21
SAK 153 19-21 SFSK HKK protokoll nr. 06 19-21
SAK 154 19-21 SFSK HKK protokoll nr. 07 19-21

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 155 19-21 Vårmøtet og Skikrinetinget 2021
SAK 156 19-21 Saker til Skikrinetinget 2021
SAK 157 19-21 Årsmelding 2019-2021
SAK 158 19-21 Handlingsplan 2021-2023
SAK 159 19-21 Anleggsplan 2021-2025
SAK 160 19-21 Arbeidet til Heidersteiknemnda fram mot Skikrinetinget 2021
B-SAK 161 19-21 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal
SAK 162 19-21 Valkomite Sogn og Fjordane Skikrins 2021-2023
SAK 163 19-21 Markedsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins

ORIENTERINGSSAKER

SAK 164 19-21 Prosess tilsetjing ny adm.sjef og drift av krinskontoret

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jon Ove Lomheim og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Jan Inge Årdal

MERKNADER: Jon Ove Lomheim (fung. nestleiar i HKK) deltok i møtet i staden for Jan Inge Årdal (fung. leiar i HKK)

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 148 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 149 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 14 19-21 frå Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 14 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 14 19-21.

SAK 150 19-21

SFSK AK protokoll nr. 06 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 06 19-21 i alpinksjetteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 151 19-21

SFSK AK protokoll nr. 07 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 07 19-21 i alpinksjetteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 152 19-21

SFSK LK protokoll nr. 08 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 08 19-21 i langrennsjetteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 153 19-21

SFSK HKK protokoll nr. 06 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 06 19-21 i hopp- og kombinertjetteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 154 19-21

SFSK HKK protokoll nr. 07 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 07 19-21 i hopp- og kombinertjetteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 155 19-21

Vårmøtet og Skikrinstinget 2021

Bakgrunn

Rammeplan for Skikrinstinget/Vårmøtet 2021, laurdag 29. mai:

- Kl. 09.30 Vårmøte 2021
- alpint
 - hopp og kombinert
 - langrenn
- Kl. 12.00 Lunsj
- Kl. 12.45 Foredrag *Utforming av basisanlegg* v/Marianne Myklebust
- Prisutdelingar
- Kl. 14.00 Opning av Skikrinstinget 2021
- Helsingar
 - Tingforhandlingar
- Kl. 17.00 Avslutning

I møte nr. 14 19-21 vedtok styret at det innan 3. mai skulle avgjerast om Skikrinstinget 2021 skal haldast digitalt i høve koronarestriksjonar og smittesituasjonen generelt. Tidspunkt for eit evt. digitalt krinsting er sett til måndag 31. mai (kveldstid).

Styret drøfta saka i møtet.

Komiteane har følgjande tidspunkt for Vårmøtet 2021 dersom desse også skal haldast digitalt:

- Vårmøte Alpint, torsdag 27. mai, kl. 19.00-21.00
- Vårmøte Hopp og Kombinert, torsdag 27. mai, kl. 19.00-21.00
- Vårmøte Langrenn, torsdag 27. mai kl. 19.00-21.00

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- Skikrinstinget 2021 vert halde digitalt måndag 31. mai kl. 18.00-21.00
- Foredrag med *Utforming av basisanlegg* v/Marianne Myklebust vert gjennomført i forkant av krinstinget
- Skikrinsen sine utmerkingar vert delt ut på Haustmøtet 2021
- Norges Skiforbund og Vestland idrettskrets får invitasjon til Skikrinstinget

SAK 156 19-21

Saker til Skikrinstinget 2021

Bakgrunn

Framlegg til sakliste i samband med Skikrinstinget 2021 er vedlagt i

tingdokumentet.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek saklista med framlegg til vedtak slik den føreligg.

SAK 157 19-21

Årsmelding 2019-2021

Bakgrunn

Framlegg til Årsmelding 2019-2021 for Skikrinsstyret, Alpinkomiteen, Hopp- og kombinertkomiteen og Langrennskomiteen er vedlagt i tingdokumentet.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner årsmeldingane, og gjer vedtak om at dei skal handsamast på Skikrinstinget slik dei føreligg.

SAK 158 19-21

Handlingsplan 2021-2023

Bakgrunn

Framlegg til Handlingsplan 2021-2023 er vedlagt.

Handlingsplanen bygger på:

- Siste versjon av framlegg til Norges Skiforbundet sitt strategidokument 2021-2024 - *Skiglede for alle* (lagt ved som eige vedlegg)
- Mål frå [Handlingsplan SFSK 2019-2021](#)

Adm. kom med framlegg om at tiltak til kvart delmål i planen vert utarbeida av nytt styre og nye komitear. Dette for å skape meir eigarskap til handlingsplanen for neste tingperiode.

Adm. presenterte saka i møtet, og styret drøfta framlegget.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner Handlingsplan 2021-2023, og gjer vedtak om at den skal handsamast på Skikrinstinget slik den føreligg.

SAK 159 19-21

Anleggsplan 2021-2025

Bakgrunn

Framlegg til Anleggsplan for perioden 2021-2025 er vedlagt.

Leiar av anleggskomiteen orienterte om arbeidet i komiteen og framlegg til Anleggsplan 2021-2025.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner Anleggsplan 2021-2025, og gjer vedtak om at den skal handsamast på Skikrinstinget slik den føreligg med mindre endringar drøfta i møtet.

SAK 160 19-21

Arbeidet til Heidersteiknemnda fram mot Skikrinstinget 2021

Bakgrunn

26. februar 2021 sende Heidersteiknemnda ut skriv til laga med oppmoding om å komme med innspel til kandidatar til skikrinsen sine heidersteikn. Laga sin svarfrist var måndag 1. april 2021.

Sogn og Fjordane Skikrins har følgjande utmerkingar:

- Heidersmerket m/diplom
- Heidersstatuetten m/diplom

Heidersmerket kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten store tenester

Heidersstatuetten kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein **særskilt** stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten **særskilt** store tenester

Medlemar og styra i lag tilslutta skikrinsen, styret i skikrinsen og Heidersteiknemnda kan komme med framlegg på kandidatar.

Skikrinsstyret gjer endeleg innstilling av kandidatar.

Heidersteiknemnda består av:

- Leiar: Nils Olav Kongsvik, Førde IL
- Medlem: Anders Fortun, Fanaråk IL
- Medlem: Anders Felde, Breimsbygda IL

Heidersteiknemnda har ikkje mottatt framlegg av kandidatar til skikrinsen sine heidersteikn.

Oversikt over tidlegare tildelingar av heidersteikn er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å sjå på kandidatar til skikrinsen sine heidersteikn fram til utdelinga på Haustmøtet 2021.

B-SAK 161 19-21 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

SAK 162 19-21 Valkomite Sogn og Fjordane Skikrins 2021-2023 Bakgrunn

Valkomite for 2021-2023 skal veljast på Skikrinstinget 2021 på fritt grunnlag, etter innstilling frå Skikrinsstyret.

Valkomiteen 2019-2021 består av:

- Leiar: Lilly Schøyen, Sogndal IL (*ynskjer ikkje attval*)
- Medlem: Inge Fænn, Markane IL (*ynskjer ikkje attval*)
- Medlem: Monica Otternes, Førde IL
- Varamedlem: Hans Olav Hellesøe, Hafslo IL

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at komiteane kjem med innspel innan 10. mai til adm. på kandidatar til valkomiteen. Adm. legg fram innspelte kandidatar til Skikrinsstyret for endeleg innstilling.

SAK 163 19-21

Markedsarbeid i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
AVIS Bilutleige	AU	2021	Avtale går til t.o.m. 30.06.2021.
Sparebanken Sogn og Fjordane	Langrenn	2023	Avtale går til t.o.m. 2023.
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale går til t.o.m. 31.05.2021. Ny avtale reforhandla for 3 år (ikkje signert).
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale går til 30.04.2022.
COOP Nordvest SA	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021.
Fjord1	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021. Reforhandling sett i gong.
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021. Reforhandling skal setjast i gong.
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021.
Intersport Sogndal	Alpint	2024	Ny avtale er reforhandla t.o.m. 31.05.2024.

Følgjande samarbeidsavtalar er følgt opp/skal følgjast opp med reforhandling:

- Fjord1, ansv.: Adm. + AK
- Intersport Førde, ansv.: Adm.
- Intersport Sogndal, ansv.: Adm.
- Sparebanken Vest, ansv.: AK + adm.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer vidare følgjande vedtak om oppfølging av reforhandling av samarbeidsavtalar:

- Bilhuset Førde AS, ansv.: AK
- AVIS Bilutleige, ansv.: Adm.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 164 19-21

Prosess tilsetjing ny adm.sjef og drift av krinskontoret

Bakgrunn

Norges Skiforbund har i lag med krinsleiar hatt ein prosess med aktuelle kandidatar til stillinga som adm.sjef i Sogn og Fjordane Skikrins.

Styreleiar orienterte om status i saka i møtet.

Krinskontoret vert drifta fram til 15. mai 2021 av noverande adm.sjef Ingrid Narum for å prøve og fullføre dei mest nødvendige oppgåvene i skikrinsen.

Dei nødvendige oppgåvene er:

- Planlegging/førebuing Skikrinsting/Vårmøter
- Oppfølging samordna rapportering
- Nødvendige driftsoppgåver (økonomi, informasjon)
- Evt. oppstart opplæring ny adm.sjef

Styreleiar og adm. orienterte om saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 149 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 14 19-21 frå Skikrinsstyret

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 12.04.2021

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 14 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)

Tidspunkt: Måndag 12. april 2021, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 138 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 139 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 13 19-21 frå Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 140 19-21 Rekneskapsrapport pr. 25.03.2021

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 141 19-21 Skikrinstinget 2021

SAK 142 19-21 Skitinget 2021

ORIENTERINGSSAKER

SAK 143 19-21 Prosess tilsetjing ny adm.sjef

SAK 144 19-21 Skiutviklarar i NSF

SAK 145 19-21 Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar

SAK 146 19-21 Freeski-aktivitet i Sogn og Fjordane Skikrins

SAK 147 19-21 Utstyrspakke skileik

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Hallvard Nygård, Jan Inge Årdal

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 138 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 139 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 13 19-21 frå Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 13 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 13 19-21.

RAPPORTERING

SAK 140 19-21

Rekneskapsrapport pr. 25.03.2021

Bakgrunn

Rekneskap pr. 25.03.2021 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 25.03.2021:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 799 967,-	Kr 294 817,-	Kr 505 149,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 509 629,-	Kr 123 817,-	Kr 385 811,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 61 590,-	Kr 55 885,-	Kr 5 705,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 25 000,-	Kr 4 518,-	Kr 20 482,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 203 748,-	Kr 110 597,-	Kr 93 151,-	Kr 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 141 19-21

Skikrinstinget 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret har vedtatt at Skikrinstinget 2021 skal haldast laurdag 29. mai i Førde v/Scandic Sunnfjord Hotell, og at Vår møtet skal gjennomførast i samband av tinget.

Rammeplan for Skikrinstinget/Vår møtet 29. mai 2021:

Kl. 09.30 - 12.00: Vår møter i alpint, hopp/kombinert og langrenn
 Kl. 12.00 - 13.00: Lunsj
 Kl. 13.00-16.00: Skikrinstinget 2021

Styret drøfta i møtet om Skikrinstinget 2021 skal haldast digitalt i høve koronarestriksjonar og smittesituasjonen generelt, og evt. tidspunkt for eit digitalt krinsting.

Styreleiar og adm. orienterte om status i planlegging av Skikrinstinget 2021, m.a. status/framdrift på følgjande punkt:

- Årsmelding 2019-2021
- Handlingsplan 2021-2023
- Anleggsplan 2021-2025
- Dirigent
- Heidersteikn og andre prisar

Framlegg til sakspapir til Skikrinstinget bør vere klar til neste styremøte 3. mai 2021.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- Dersom Skikrinstinget 2021 må haldast digitalt skal det avviklast måndag 31. mai 2021. Vårsmøta til komiteane vert då gjennomført på andre datoar.
- Komiteane melder inn dato for digitalt vårmøte innan 22. april til adm.
- Avgjerd om Skikrinstinget 2021 skal haldast fysisk eller digitalt vert teke seinast i neste styremøte 3. mai.
- Heidersteikn og andre utmerkingar vert delt ut i samband med Haustmøtet 2021 dersom Skikrinstinget 2021 vert halde digitalt.

SAK 142 19-21

Skitinget 2021

Bakgrunn

Styret i Norges Skiforbund har vedtatt at Skitinget 2021 skal avhaldast digitalt laurdag 12. juni 2021 grunna koronarestriksjonane.

Greinkomitane sine fagmøte vert også gjennomført digitalt. Dato for desse vert informert om frå kvar greinkomite.

I samband med tinget har SFSK 4 representantar. Skikrinsstyret oppnemner delegatane i styremøtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande representasjon i samband med Skitinget 2021:

- Styreleiar; Finn Årdal (Jølster IL)
- Styremedlem; Tonje N. Tangerud (Sogndal IL)
- Styremedlem; Margot Åsebø (Haugen IL)
- Styremedlem; Hallvard Nygård (Førde IL)

Administrasjonen følgjer opp saka.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 143 19-21

Prosess tilsetjing ny adm.sjef

Bakgrunn

Norges Skiforbund har i lag med krinsleiar og adm.sjef gjennomført intervju med aktuelle kandidatar som har søkt stillinga som adm.sjef i Sogn og Fjordane Skikrins.

Styreleiar orienterte om status i saka.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 144 19-21

Skiutviklarar i NSF

Bakgrunn

Utvalet som er oppnemnt av Skistyret til å sjå på innstillinga frå Organisasjonsutvalet til NSF om å styrke krinsleddet, jobbar med skisse til korleis ein kan engasjere/tilsette/leige inn skiutviklarar i kretsane.

Skikrinsstyret drøfta saka i førre møte under Sak 132 19-21.

Styreleiar orienterte om status i saka.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 145 19-21

Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar

Bakgrunn

Skikrinsstyret vart orientert om status for idrettsordningane i vgs. for potensielle toppidrettsutøvarar i førre styremøte under Sak 133 19-21.

I etterkant av styremøtet har LK-leiar og adm., i lag med Sogn og Fjordane Friidrettskrins, hatt møte med leiar og nestleiar i Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune. I møtet vart ein oppmoda om å sende innspela vidare til administrasjonen i fylkeskommunen.

Brevet til fylkeskommunen er lagt ved som eige vedlegg.

LK-leiar og adm. orienterte i saka.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 146 19-21

Freeski-aktivitet i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Hafslo IL har lagt til rette for freeski-aktivitet i Sogn Skisenter ein gong i veka i vinter. Freeski-aktiviteten er førebels organisert inn under alpingruppa i Hafslo IL.

I tillegg har det vore stor oppslutnad om Big Jump arrangement/aktivitet i Sogndal Skisenter i vinter. Sogndal IL ser på moglegheita til å organisere freeski-aktiviteten som undergruppe til idrettslaget.

Adm. har hatt dialog med Norges Skiforbund Freeski, og dei har gjennomført Trener o kurs på Hafslo i vinter og vil i tillegg følgje opp freeski-miljøet i Sogndal Skisenter.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 147 19-21

Utstyrspakke skileik

Bakgrunn

Skikrinsen fekk innvilga kr. 100 000,- frå Sparebankstiftinga til prosjektet *Utstyrspakke skileik* i 2020.

Gjennom prosjektet *Utstyrspakke skileik* kan skigrupper søke skikrinsen om å få ein utstyrspakke til bruk i sin skiaktivitet. I tillegg vil dei få tilbod om klubbesøk frå skikrinsen, der ein får gode aktivitetstips i bruk av utstyret.

Med bakgrunn i søknader frå idrettslag i 2019, der det kom inn 19 søknader og 10 idrettslag fekk tildelt utstyrspakke, gjorde Skikrinsstyret vedtak i Sak 112 19-21 om å tildele dei 9 idrettslaga som ikkje fekk tildelt utstyrspakke i 2019 utstyrspakke i 2020. I tillegg fekk 3 andre idrettslag utstyrspakke basert på potensiale for rekrutteringsarbeid.

Totalt 12 idrettslag fekk tildelt utstyrspakke i 2020:

- Førde IL Haukedalen
- Førde IL Langrenn
- Haugen IL
- Hornindal IL
- IL Bjørn
- IL Fanaråk
- IL Jotun
- Jølster IL Alpin
- Jølster IL Barneidrettsskule
- Markane IL
- Stryn T og IL Alpin
- Tambarskjelvar IL

Rapport til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 150 19-21 SFSK AK protokoll nr. 06 19-21

REFERAT DIGITALT MØTE I AK 08.03.2021 (MØTE NR. 06)

TILSTADES: Roger, Magne, Peder, Nina, Erik og Per Asbjørn.

TID OG STAD: 19.00-21.00 på Teams.

SAK 41 19-21: Evaluering av sesongen, planar for resten av sesongen og komande sesong.

- God kontinuitet og utvikling hos utøverane frå august til desember.
- Reisebelastning i haust er i stor grad kompensert ved trivsel, mestring og utvikling.
- Lokale samlingar ber meir preg av utfordring med kontinuitet på trenarsida. Mangel på fast trenar gjer oppfølging krevjande, den gode utviklinga stagnerer hos enkelte.
- På grunn av restriksjonar har det vore utfordrande å gjennomført krinstrening og samlingar, samtidig som alle renn har blitt utsatt. Ved fleire skisenter har treningsforholda også vore krevjande. Dette ser ein pregar utøverane, og ein er skeptiske på kva dette gjer med motivasjonen til dei aktive.
- Resten av sesongen må ein berre ta veke for veke sidan trenarsituasjon, tilgang på bakke og evt restiksjonar gjer det usikkert og utfordrande med planlegging. Det same gjeld vårsesongen, det meste er usikkert, men Roger tar på seg å lage eit opplegg.
- Endringa ved at AK, ved Roger, har teke over planlegging av krinsaktivitet viser seg å vere altfor arbeidskrevjande av fleire grunnar.

VEDTAK:

Organiseringa av krinsaktivitet neste sesong må endrast. Ulike alternativ er fast trenar som tek eigarskap til opplegget, kjøpe oss inn med andre klubbar, samarbeid med andre skikrinsar eller nytte private treningstilbod. AK arbeider med saka med mål om å kunne skissere ulike alternativ på Vårsmøte til skikrinsen

SAK 42 19-21: Trenar- kapasiteten i fylket.

- Krinsen har tildels hatt tilgang på Eilert og Anders for dei eldste utøverane, og nokre yngre trenarar for dei yngste utøverane. Utfordringa er tilgang på faste trenarar vi kan planlegge med gjennom heile sesongen.
- Klubbar ynskjer å kurse eigne trenarar, men kursa er for omfattande til at nokon vil på kurs.
- Krinsen ynskjer å utdanne nye trenarar, men kan ikkje ta trenarane vekk frå klubb.

VEDTAK:

Skikrinsen må involvere seg for å tilby korte og lokale kurs for trenarar i klubb. Krins og klubb må samarbeide om trenarkapasiteten, men eit særleg fokus må vere retta mot dei yngste i nokre år, slik at ein skapar større rekruttering og breidde. AK arbeider vidare med konkrete forslag til Vårsmøte i skikrinsen. AK har ein del nye namn på trenarar ein vil forhøyre seg med.

SAK 43 19-21: SPV utøvarstipend.

Leiar informerte om bakgrunnen for årets nominering av kandidat til stipendet i 2020-2021 sesongen, og kvifor vi avviker frå tidlegare års praksis. Kandidatar vart diskutert og evaluert .

VEDTAK:

AK er samstemte i val av kandidat. Leiar lagar ein begrunnelse for val av kandidat, basert på diskusjonen i møtet, og sender denne over til adm.sjef som legg den inn i søknaden om utøvarstipend frå SPV.

YMSE:

- Tok ei runde å hørte kven som tok attval. Leiar oppmoda om at ein burde tenke kontinuitet.
- Møtedato for neste møte i AK vart sett til måndag 22.mars. Leiar lagar forslag til sakliste å sender ut for innspel om andre saker. Adm.sjef kallar inn til møte.

Referent:

Per Asbjørn

Vedlegg SAK 151 19-21 SFSK AK protokoll nr. 07 19-21

Alpinkomiteen@

Sakshand.: PAF/IN

Dato: 22.03.2021

Arkivk.: ak/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 07 I ALPINKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Måndag 22. mars 2021, kl. 19.30-22.15

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 44 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 45 19-21 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 06 19-21 i AK

RAPPORTERING

SAK 46 19-21 Rekneskap 2020

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 47 19-21 Trenarkurs i klubb
SAK 48 19-21 Krinsaktivitet sesongen 2021-2022
SAK 49 19-21 Lån av utstyr av klubbar til krinssamlingar
SAK 50 19-21 Handlingsplan 2019-2021
SAK 51 19-21 Saker til Vårmetet 29. mai 2021
SAK 52 19-21 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

ORIENTERINGSSAKER

SAK 53 19-21 Status markedsarbeid til komiteen

EVENTUELT

SAK 54 19-21 Terminlista 2020-2021

TIL STADES: Per Asbjørn Felde, Roger Ellingsund, Magne Hofslundsengen, Peder Felde, Nina Munthe Olsen, Erik Solheim og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 44 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 45 19-21

Godkjenning av protokoll frå møte nr. 06 19-21 i AK

Bakgrunn

Protokoll nr. 06 19-21 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 06 19-21.

RAPPORTERING

SAK 46 19-21

Rekneskap 2020

Bakgrunn

Rekneskap 2020 er vedlagt.

Nøkkeltal:

- Driftsinntekter; kr. 939 245,-
- Driftskostnader; kr. 722 814,-
- Resultat; kr. 216 431,-
- Eigenkapital AK; kr. 544 547,-

Rekneskap for 2020 er godkjent av Skikrinsstyret.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 47 19-21

Trenarkurs i klubb

Bakgrunn

Komiteen drøfta i Sak 42 19-21 trenarkapasiteten i skikrinsen, m.a. at skikrinsen må involvere seg for å tilby korte og lokale kurs for trenarar i klubb.

Komiteen drøfta saka i møtet.

- Viktig at det er trenarkompetanse i klubb
- Klubb og krets samarbeider om trenarkrefter, men trenarane bør prioriterast i klubbaktivitet

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å legge til rette for eit tilpassa trenarkurs der aktuelle trenarar/føresette deltek. Ein prøver gjennomføre kurset i samband med krinssamling (i Hodlekve?). Magne H. følgjer opp med aktuelle kurshaldar, og saka vert presentert på Vårmetet 2021.

Komiteen dekker kursavgift, der det er ei forventning til kursdeltakarar om å bidra inn i klubb.

Komiteen vil også kunne dekke Trener 1 og Trener 2 kurs for aktuelle trenarar med ei forventning om å bidra inn som krinstrenar.

SAK 48 19-21

Krinsaktivitet sesongen 2021-2022

Bakgrunn

Med bakgrunn i evaluering og tidlegare drøftingar diskuterer komiteen rammer for krinsaktivitet sesongen 2021-2022.

- Aktuelle lokale trenarar
- Samarbeid med andre kretsar
- Tilbod for U14-U16, U12 og yngre – vår/haust
- Lokalt tilbod – vinter
- Treningsavgift

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å følgje opp ulike alternativ og presentere det på Vår møtet 2021.

Vidare ynskjer komiteen at ein har ei målsetjing om å ha lågast mogeleg treningsavgift på samlingar for våre aktive utøvarar. Saka vert tatt opp på Vår møtet 2021.

SAK 49 19-21

Lån av utstyr av klubbar til krinssamlingar

Bakgrunn

Komiteen gjorde vedtak i Sak 18 19-21 om å betale leige for lån av utstyr av klubbane på krinssamlingar utanfor eigen klubb.

Førespurnad vart sendt til klubbar og det vart inngått avtale med Jølster IL i 2019-2020 med leige om kr. 5000 pr. sesong.

Komiteen drøfta status i saka.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å ta saka opp på Vår møtet 2021.

SAK 50 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 51 19-21

Saker til Vår møtet 29. mai 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2021 skal avviklast 29. mai i Førde i samband med Skikrinstinget 2021.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram:

- Kl. 09.30 - 12.00: Vårmøter i alpint, hopp/kombinert og langrenn
Kl. 12.00 - 13.00: Lunsj
Kl. 13.00-16.00: Skikrinstinget 2021

Alpinkomiteen fastset sakliste for Vårmøtet alpint.

Ibhm. Vårmøtet 2019 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Evaluering av sesongen 2018-2019
- 2) Sportslege rammer sesongen 2019-2020
- 3) Rekrutteringsarbeid
- 4) Rammer for Terminliste 2019-2020
- 5) Kvalik.reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane
- 6) Økonomi/marked

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Vårmøtet 29. mai 2021:

- 1) Evaluering av sesongen 2020-2021
- 2) Sportslege rammer sesongen 2021-2022
- 3) Rekrutteringsarbeid/trenarkurs
- 4) Leige av utstyr frå klubbar til krinssamlingar
- 5) Rammer for Terminliste 2021-2022
- 6) Økonomi/marked

SAK 52 19-21

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2021 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2. kvart år, totalt 4 pokalar.
Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sin Jubileumspokal:

Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

Vedlagt også oversikt over tidlegare tildelingar.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak til framlegg av kandidatar:

Bragdpokal:

- Andrine Mårstøl, Haugen IL
 - o Debut i verdscup 2019/2020
 - o Topp 5-10 plassering i europacup 2019/2020 og 2020/2021
- Andreas Strand, Jølster IL
 - o Bronse NM slalåm 2020/2021
 - o 23. plass europacup 2020/2021
- Sindre Myklebust, Sogndal IL
 - o 6. plass i Ungdoms-OL 2020
 - o 2. plass FIS-renn Voss 2021

Talentpokal:

- Ane Malene Myklebust, Sogndal IL
- Julia Felde, Haugen IL
- Oskar Ellingsund, Jølster IL

Magnorpokal:

-

NSF sin Jubileumspokal:

- Julie Hagen Torvund, Førde IL
(grunnjjevnad vert utarbeida)

ORIENTERINGSSAKER

SAK 53 19-21

Status markedsarbeid til komiteen

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins - alpint sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
COOP Nordvest SA	Alpint	2021	Avtale er reforhandla og går til t.o.m. 2021.
Fjord1	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021. Reforhandling må setjast i gong.
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021. Forlenging av avtale skal vere slutført innan 30.09.2021.
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021. Forlenging av avtale skal avtalast innan utgangen av mai 2021.
Intersport Sogndal	Alpint	2021	Avtale går til 01.06.2021.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

**EVENTUELT
SAK 54 19-21**

Terminlista 2020-2021

Bakgrunn

Komiteen diskuterte i møtet avvikling av dei siste terminfesta renna for sesongen 2020-2021.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at dersom Haugen IL ikkje får avvikla KM SL og SSL 27. mars overtek Jølster IL renna. KM SG går då ut eller vert sett opp på Grotli i april.

Per Asbjørn held dialog med Stryn T og IL om Grotlirenna 10. og 11. april.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Per Asbjørn Felde (s)
Leiar AK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 152 19-21 SFSK LK protokoll nr. 08 19-21

Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ IN

Dato: 11.04.2021

Arkivk.: lk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 08 I LANGRENNSKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Torsdag 8. april 2021, kl. 19.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 62 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

RAPPORTERING

SAK 63 19-21 Rekneskap 2020

SAK 64 19-21 Rekneskapsrapport pr. 25.03.2021

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 65 19-21 Generell evaluering av langrenns sesongen

SAK 66 19-21 Evaluering av krinslagsaktiviteten 2020-2021

SAK 67 19-21 Krinslaga i langrenn 2021-2022

SAK 68 19-21 Team Elon Vest

SAK 69 19-21 Rammer Terminliste 2021-2022

SAK 70 19-21 Saker til Vårmøtet 29. mai 2021

SAK 71 19-21 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumpokal

SAK 72 19-21 Handlingsplan 2019-2021

ORIENTERINGSSAKER

SAK 73 19-21 Status markedsarbeid til komiteen

SAK 74 19-21 Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar

EVENTUELT

SAK 75 19-21 Sognefjellet Sommarskiskule 2021

TIL STADES: Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Adrian Helgheim, Roger Aa Djupvik, Anne Lilleaasen og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 62 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

RAPPORTERING

SAK 63 19-21

Rekneskap 2020

Bakgrunn

Rekneskap 2020 er vedlagt.

Nøkkeltal:

- Driftsinntekter; kr. 1 154 858,-
- Driftskostnader; kr. 986 550,-
- Resultat; kr. 168 309,-
- Eigenkapital LK; kr. 600 894,-

Rekneskap for 2020 er godkjent av Skikrinsstyret.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 64 19-21

Rekneskapsrapport pr. 25.03.2021

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 25.03.2021 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 65 19-21

Generell evaluering av langrenssesongen

Bakgrunn

Langrennskomiteen skal i møte evaluere sesongen 2020-2021 m.a. på følgjande punkt:

- Arrangement
 - o Fekk avvikla stort sett terminfesta krinsrenn fram til 18. januar
 - o Ikkje krinsrenn i perioden 18. januar til 23. februar grunna koronarestriksjonar, men det var god klubbaktivitet med gode snøforhold i denne perioden
 - o Fekk gjennomført KM og SSF Cup (utanom SSF Cup Finalen grunna koronasituasjon)
 - o Kun tre arrangørar av krinsrenn denne sesongen
 - o Ikkje fått gjennomført krinsrenn i Nordfjord

- Renndeltaking
 - o Noko lågare renndeltaking på krinsrenn (færre arrangørar og lang reiseveg til renn for enkelte?)
 - o Stabil deltaking ift. sist sesong for dei med minst 3 renn i SSF Cupen (deltakarpremie)
- Rekruttering
 - o God deltaking på karusell-/cuprenn i klubb
 - o Noko varierende rekruttering i klubbane
 - o Viktig med rekruttering av foreldre
 - o Korleis senke terskelen med utstyr/skismurning? Smørehjelp, utlån av utstyr

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2021-2022.

SAK 66 19-21

Evaluering av krinslagsaktiviteten 2020-2021

Bakgrunn

Langrennskomiteen evaluerer krinslagsaktiviteten sesongen 2020-2021:

Tilbakemelding frå krinstrenarane:

- Krinssamlingane 2020
 - o Noko krevjande å gjennomføre samlingane mtp. koronapandemien
 - o Gjennomført samlingane etter samlingsplan (utanom Beitostølen og Gålå – erstatta med sonesamling)
 - o Stad for samlingane ok
 - o Tidspunkt og antal samlingar – for tett med samlingar i sept./okt.
 - o Oppstartssamling med forventningsavklaringar, lage spelereglar
- Sportsleg utvikling
 - o Fleire har hatt god framgang
- Viktig med forventningsavklaring med trenarar, og mellom trenarane og utøvarane
- Oppfølging av utøvarane, oppfølging av yngre/nye utøvarar
- Innspel frå Førde IL på endringar for neste sesong

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2021-2022.

SAK 67 19-21

Krinslaga i langrenn 2021-2022

Bakgrunn

Når det gjeld krinslagsaktiviteten sesongen 2021-2022 har ein økonomiske rammer til å fortsette på same nivå, og med same struktur som føregåande sesong.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å ta saka opp igjen i neste møte i komiteen med bakgrunn i evaluering av krinslagsaktiviteten 2020-2021.

SAK 68 19-21

Team Elon Vest

Bakgrunn

LK-leiar informerer m.a. om:

- Status laguttak 2021-2022
- Økonomisk status

I tillegg orienterte LK-leiar om «Team Elon Rekrutt». Komiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering. LK-leiar sender ut skisse på «Team Elon Rekrutt» til komiteen og saka vert drøfta i neste møte i komiteen.

SAK 69 19-21

Rammer Terminliste 2021-2022

Bakgrunn

Rammer for terminliste skal leggest fram i samband med langrennskomiteen sitt Vår møte 29. mai 2021, før den vert sendt vidare til høyring i laga.

Endeleg handsaming av terminlista skjer i samband med langrennskomiteen sitt Haustmøte.

I det vidare arbeidet bør ein m.a. drøfte følgjande i høve til Terminliste Langrenn 2021-2022;

- tid, stad og arrangør av krinsmeisterskapen
- variasjon i øvingsutval (stafettar, løypelengder, sprint, langrennscross)
- arrangør SSF Cup Finale

I tillegg diskuterer komiteen kven i komiteen som skal ha ansvar for prosessen med terminlista 2021-2022.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å tak saka opp i neste møte i komiteen.

SAK 70 19-21

Saker til Vår møtet 29. mai 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vår møtet 2021 skal avviklast 29. mai i Førde i samband med Skikrinstinget 2021.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram:

Kl. 09.30 - 12.00: Vår møter i alpint, hopp/kombinert og langrenn
Kl. 12.00 - 13.00: Lunsj
Kl. 13.00-16.00: Skikrinstinget 2021

Langrennskomiteen fastset sakliste for Vår møtet langrenn.

Ifbm. Vår møtet 2019 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 1) Innlegg v/ Atle Rolstadaas, NSF
- 2) Oppsummering av sesongen 2018-2019

- 3) Rammer for Terminliste 2019-2020
- 4) Krinslaget 2019-2020
- 5) Fellesopplegg nasjonale renn og meisterskap
- 6) Breiddesamlingar (12-16 år)
- 7) Team Veidekke Vest
- 8) Økonomi/ marked

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å tak saka opp i neste møte i komiteen.

SAK 71 19-21

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2021 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2. kvart år, totalt 4 pokalar.
Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sin Jubileumspokal:

Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

Vedlagt også oversikt over tidlegare tildelingar.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å tak saka opp i neste møte i komiteen.

SAK 72 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å tak saka opp i neste møte i komiteen.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 73 19-21

Status markedsarbeid til komiteen

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Sparebanken Sogn og Fjordane	Langrenn	2023	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2023).
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale går til t.o.m. 31.05.2021.
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale går til 30.04.2022.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å setje i verk reforhandling av følgjande samarbeidsavtalar:

- Intersport Førde/ Erdal Sport AS, ansv.: Adm.

SAK 74 19-21

Idrettsordning for potensielle toppidrettsutøvarar

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har gjort vedtak om å ikkje vidareføre idrettsordninga for potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande skule.

Adm. i skikrinsen etterspurde i februar informasjon frå OLT Vest om ordninga, og vart då orientert om at ordninga ikkje vart vidareført og kva ordningar som vil gjelde for kommande skuleår.

Vestland fylkeskommune gjorde følgjande vedtak 15.12.2020:

Spissa toppidrettstilbod i Vestland fylkeskommune

1. *Ein klasse i utdanningsprogrammet studiespesialisering ved Tertnes vgs blir merka med «spissa toppidrettstilbod» og søking og inntak skjer i samsvar med sentral inntaksforskrift til vidaregåande opplæring. Det «spissa toppidrettstilbodet» er ut over fastsett timetal i utdanningsprogramma.*
2. *Olympiatoppen Vest får eit tilskot frå Vestland fylkeskommune som skal nyttast til å følgje opp talentfulle idrettsutøvarar i heile fylket.*
3. *Utøvarar som er omfatta av punkt 2, får tilgang til «spissa idrettstilbod» i regi av Olympiatoppen Vest ved utøveren sin skule og eventuelt på samlingar i regi av Olympiatoppen Vest.*

Tilboda som pr. i dag har eit spissa toppidrettstilbod er:

<https://toppidrettslinjen.no/studietilbud/>

- Studspes. på **Tertnes vgs** med tilbod om fleire ulike idrettar
- Studspes. på **Hafstad vgs** med 15 plassar for volleyball
- Studspes. på **Amalie Skram vgs** med idrettane symjing og stup
- Idrettsfag på **Voss Gymnas** for vinteridrettane langrenn, alpint, freeski og skiskyting
- Idrettsfag på **Sogndal vgs** med 15 plassar for fotball
- Yrkesfag med Byggfag på **Åsane vgs** med tilbod om fleire ulike idrettar

I tillegg innfører fylkeskommunen ei ny ordning ved inntak, Nærskuleprinsippet, som gjeld inntak til vg1 frå skuleåret 2021/2022. Elevar kan søkje seg til alle skulane i fylket, men får berre nærskulepoeng til skulane i nærskuleområdet ditt.

Lenke til nærskulematrisa:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/elev/inntak/narskulematrise-2020.pdf>

Saka om idrettsordningar i vgs. vart drøfta i møte i Skikrinsstyret 4. mars 2021, der LK-leiar og adm. har følgd opp saka i etterkant.

LK-leiar og adm. har i lag med Sogn og Fjordane Friidrettskrins hatt møte med leiar og nestleiar i Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune. I møtet vart ein oppmoda om å sende innspela vidare til administrasjonen i fylkeskommunen. Brevet til fylkeskommunen er lagt ved som eige vedlegg.

I etterkant av fristen for å søke vidaregåande skule har OLT Vest bedt skikrinsen om å sende inn namn på aktuelle utøvarar som blir vurdert til å vere på eit høgt nivå og som får utfordringar rundt skuleval for skuleåret 2021-2022 mtp. nærskulepoeng. I tillegg om nokon av desse utøvarane treng tilrettelegging frå skulen når idretten krev reise og idrettsfråvær.

LK-leiar og adm. orienterte i saka.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å tak saka opp i neste møte i komiteen.

EVENTUELT SAK 75 19-21

Sognefjellet Sommarskiskule 2021

Bakgrunn

Komiteen drøfta i møtet gjennomføring av Sognefjellet Sommarskiskule 2021.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om at ein planlegg sommarskiskulen til vanleg tidspunkt første veka i skuleferien forutsett at evt. koronarestriksjonar tillet det.

Adm. følgjer opp planlegginga og sjekkar når ein må ta avgjersle om gjennomføring mtp. økonomiske forpliktingar.

Neste møte i komiteen; torsdag 22. april kl. 19.30.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 153 19-21 SFSK HKK protokoll nr. 06 19-21

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ IN

Dato: 22.02.2021

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Måndag 22. februar 2021, kl. 20.00-21.10

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 45 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 46 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 05 19-21 frå HKK

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 47 19-21 Status hoppaktivitet Bjørkelibakkane
SAK 48 19-21 Terminliste 2020-2021
SAK 49 19-21 Rammer for budsjett 2021

RAPPORTERING

SAK 50 19-21 Rekneskap 2020

ORIENTERINGSSAKER

SAK 51 19-21 Norgescup Voss

EVENTUELT

TIL STADES: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Johnny Seljeset

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 45 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 46 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 05 19-21 frå HKK

Bakgrunn

Vedlagt er protokoll nr. 05 19-21 frå hopp- og kombinertkomiteen. Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 05 19-21.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 47 19-21

Status hoppaktivitet Bjørkelibakkane

Bakgrunn

Hoppporten i Sogn og Fjordane er heilt avhengig av at Bjørkelibakkane kan nyttast til hoppaktivitet.

Komiteen drøfta i møtet status for hoppaktivitet i Bjørkelibakkane.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at følgjande punkt er avgjerande for hoppaktiviteten i Bjørkelibakkane:

1. Førebuing og tilrettelegging av bakkane:
 - For lite mannskap i dugnadsarbeid til å ha eit tilfredsstillande anlegg for hoppaktivitet, og det er basert på at også utøvarar og tilreisande må bidra i tilrettelegging
 - Grunnarbeidet må gjerast av hoppgruppa i Vetten IL
 - Hoppgruppa i Vetten IL må ha ein plan for grunnpreparering frå første snøen kjem
 - Anna aktivitet i hoppbakkane kan skape slitasje på platen og underlaget
2. Prioriteringar for anlegget bør vere å heve standarden på K70:
 - Få eit tilløp som er meir permanent for dagens krav
 - Heilårsbakke
3. Komiteen ber anleggskomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins følgje opp anleggsaktiviteten i Bjørkelibakkane med bakgrunn i punkta over.

SAK 48 19-21

Terminliste 2020-2021

Bakgrunn

Terminliste Hopp og Kombinert 2020-2021 er vedteken av hopp- og kombinertkomiteen med siste endringar 13.01.2021;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/hopp-og-kombinert/terminliste/>

Frå og med 23. februar er det igjen tillatt med skirenn innanfor eigen skikrins for barn og unge opp til 20 år, evt. i samarbeid med anna skikrins innanfor same fylke, så lenge respektive kommune ikkje har eigne reglar som avgrensar dette.

For utøvarar over 20 år gjeld framleis trening og skirenn i eigen klubb eller etablert treningsgruppe.

Informasjon om gjeldande retningslinjer for skiidretten finn ein i Norges Skiforbund sin koronarettleiar;

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/nyheter/2021/2/nsfs-koronaveileder/>

Komiteen drøfta endringar i terminlista i møtet.

SFEhopp Cup Krinsrenn i Vik 6. mars er avlyst grunna rådande forhold.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å avvikle KM i samband med Hordaland Skikrets sitt KM dersom det blir ope for krinsrenn for utøvarar over 20 år. Evt. avvikle KM i samband med anna aktuelt renn i løpet av sesongen dersom retningslinjene for smitteverntiltak tillet det.

SAK 49 19-21

Rammer for budsjett 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret vedtok i Sak 124 19-21 rammer for budsjettet i 2021.

Budsjett 2021 for hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg. Komiteen drøfta i møtet evt. endringar i budsjett for 2021.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen vedtek rammer for budsjett 2021.

RAPPORTERING

SAK 50 19-21

Rekneskap 2020

Bakgrunn

Rekneskap 2020 er vedlagt.

Nøkkeltal:

- Driftsinntekter;	kr. 53 122,-
- Driftskostnader;	kr. 47 360,-
- Resultat;	kr. 5 762,-
- Eigenkapital HKK;	kr. 147 400,-

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner rekneskapen for 2020.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 51 19-21

Norgescup Voss

Bakgrunn

Lars Brekke orienterte om status for Norgescup på Voss 26.-28. februar med innlagt NM Junior.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRENS
.....

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)
Fung. leiar HKK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 154 19-21 SFSK HKK protokoll nr. 07 19-21

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/IN

Dato: 21.04.2021

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 07 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Onsdag 21. april 2021, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 52 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 53 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 06 19-21 frå HKK

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 54 19-21 Vårmøtet 29. mai 2021
SAK 55 19-21 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal
SAK 56 19-21 Bestilling rekrutteringsski hopp, NSF
SAK 57 19-21 Årsmelding HKK 2019-2021

ORIENTERINGSSAKER

SAK 58 19-21 Møte med NSF vedr. anleggsutvikling hopp, Sogn og Fjordane

EVENTUELT

TIL STADES: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Johnny Seljeset

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 52 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 53 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 06 19-21 frå HKK

Bakgrunn

Vedlagt er protokoll nr. 06 19-21 frå hopp- og kombinertkomiteen. Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 06 19-21.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 54 19-21

Vårmøtet 29. mai 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøtet 2021 skal avviklast 29. mai i Førde i samband med Skikrinstinget 2021.

Dersom Skikrinstinget 2021 ikkje kan gjennomførast som fysisk møte grunna gjeldande smittevernrestriksjonar, vert tinget halde digitalt måndag 31. mai (kveldstid).

Dei greinvise Vårmøta vert då gjennomført digitalt på andre datoar.

Endeleg avgjerd om det blir fysisk eller digitalt Skikrinsting vert tatt seinast 3. mai.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram for Skikrinstinget/Vårmøtet laurdag 29. mai 2021:

- Kl. 09.30 - 12.00: Vårmøter i alpint, hopp/kombinert og langrenn
- Kl. 12.00 - 13.00: Lunsj
- Kl. 13.00-16.00: Skikrinstinget 2021

Hopp- og kombinertkomiteen fastset sakliste for Vårmøtet hopp/kombinert.

Ibhm. Vårmøtet 2019 la ein til grunn følgjande sakliste:

- 9) Samlingar/ terminliste 2019-2020
- 10) Rekrutteringsarbeid i klubb v/ Atle Rolstadaas
- 11) Økonomi.
 - Budsjett 2019 – evt. justering og prioritering
 - Retningslinjer for refusjon utøvarar
 - Budsjett 2020-2021
- 12) Anlegg
 - Status
 - Behov og prioritering

I tillegg fastset komiteen dato for eit digitalt Vårmøte dersom Skikrinstinget vert halde digitalt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Vårmøtet 29. mai 2021:

- 1) Samlinger/terminliste 2021-2022
 - Avvikling av KM 2021
- 2) Rekrutteringsarbeid i klubbane
- 3) Anlegg
 - Status og framlegg til Anleggsplan 2021-2025 SFSK
 - Gjennomføring/oppfølging av Anleggsplan 2021-2025 SFSK
- 4) Økonomi/marked
- 5) Dommarutvalet i Sogn og Fjordane Skikrins
 - Orientering v/leiar
 - Val av medlem

Vidare gjer komiteen vedtak om at dersom Vår møtet vert halde digitalt vert det gjennomført torsdag 27. mai.

SAK 55 19-21

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2021 skal Sogn og Fjordane Skikrins dele ut Bragdpokal, Talentpokal, Magnorpokal og NSF sin Jubileumspokal.

Fagkomiteane i skikrinsen kjem med framlegg på kandidatar til Skikrinsstyret som gjer endeleg innstilling.

Statuttar Bragdpokal:

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal:

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal:

Delast ut 2. kvart år, totalt 4 pokalar.
Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

NSF sin Jubileumspokal:

Sjå vedlagt informasjon om bakgrunn og statuttar for pokalen.

Vedlagt også oversikt over tidlegare tildelingar.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer følgjande vedtak til framlegg av kandidatar:

Bragdpokal:

- Johannes Årdal, Jølster IL
 - o Gull i Hovudlandsrennet Hopp 2020
 - o 4. plass junior-NM Stor Bakke 2021
 - o Uttatt til junior-VM 2021 som 1. års junior
- Torje Seljeset, Hornindal IL

- 2. og 3. plass i Hovudlandsrennet Kombinert 2020
- 1. og 2. plass i NC B Kombinert 2021

Talentspokal:

- Johannes Årdal, Jølster IL
- Torje Seljeset, Hornindal IL

Magnorpokal:

- Torje Seljeset, Hornindal IL

NSF sin Jubileumspokal:

- Johannes Årdal, Jølster IL
(HKK v/Lars Kveen lagar til grunnjevna)

SAK 56 19-21

Bestilling rekrutteringsski hopp, NSF

Bakgrunn

Etter ein sesong med stor etterspurnad på rekrutteringsski for hopp ynskjer Norges Skiforbund å gjere ei felles bestilling med ny produksjon av ski.

Det viser seg at NSF sitt lager med denne type ski er tømt, men dei har sjekka med leverandøren Flüge som kan formidle ski i lengde 140-170 cm. Dette er ski som kan monterast med langrennsbinding eller hoppbinding. NSF arbeider for å kunne tilby desse skia til kr. 1000 eller rimelegare pr. par. Sko må kjøpast/haldast av den enkelte.

I samarbeid med NSF hopp og kombinert ynsker NSF difor å kartlegge ynskje og behov i klubbane for denne type utstyr. NSF vil deretter sende fellesbestilling til Flüge for produksjon av nødvendig antal.

Skikrinsen v/adm. har sendt ut informasjon til komiteen og klubbane for tilbakemelding på ynskja bestilling av ski. Adm. har fått bestilling av Hafslo IL innan fristen 15. april 2021.

Frist for å sende bestilling til NSF er 15. mai 2021.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at adm. følgjer opp klubbane med påminning om å gi tilbakemelding på evt. bestilling av hoppski.

SAK 57 19-21

Årsmelding HKK 2019-2021

Bakgrunn

Komiteen drøfta utkast til Årsmelding 2019-2021 for hopp- og kombinertkomiteen.

Utkast til årsmelding med innspel til endringar frå nestleiar vart presentert i møtet.

Adm. har bedt komiteane v/leiar om tilbakemelding med endringar i årsmeldinga innan 22. april.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at Årsmelding HKK 2019-2021 vert oppdatert med endringar diskutert i møtet. Adm. og leiar følgjer opp.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 58 19-21

Møte med NSF vedr. anleggsutvikling hopp, Sogn og Fjordane Bakgrunn

Etter initiativ frå leiar i anleggskomiteen i skikrinsen deltok aktuelle ressurspersonar i hoppmiljøet/skikrinsen i eit digitalt møte med NSF 13. april 2021.

Bakgrunnen for møtet var å diskutere aktuelle anlegg i Sogn og Fjordane som er viktig for rekruttering til hopp, m.a. utviklingsbehov/-moglegheiter, ressursar, planar og prioriteringar. Vidare kva skiforbundet kan bistå med i anleggsutvikling for hopp i skikrinsen, samt ynskje om eit besøk frå aktuelle ressurspersonar i skiforbundet.

I første omgang har ein i dialog med NSF hatt fokus på utvikling av anlegg for rekruttering i Sunnfjord og Sogn.

Frå NSF deltok Ståle Villumstad (arrangement/anlegg NSF Hopp) og Marit Gjerland (anleggsrådgjevar NSF). Frå skikrinsen/klubbar deltok Hallvard Nygård (leiar anleggskomiteen), Nils Olav Kongsvik (Førde IL), Jon Ove Lomheim (HKK/Hafslo IL), Tonje N. Tangerud (Skikrinsstyret/Sogndal IL) og Ingrid Narum (adm.).

Notat frå møtet er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)
Fung. leiar HKK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef